



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 12.02.2013
Møtetid: 15:00 - 16:30
Møtestad: Kommunehuset

Av 7 medlemmer møtte 7, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte ikkje:	I staden møtte:
Øyvind Røen (Sp)	Monica Tjønna (Sp)
Gunnar Bruvik (Frp)	Jon Magne Bogevik (Frp)

Andre som var til stades på møtet: Rådmann Ramsli og ass.rådmann Våge

Merknader:

Orienteringar/meldingar:	
Utvalet sitt kvarter:	<p><u>Roy Vegar Hope (H)</u>: Stilte spørsmål om følgjande: -Status og føringane for prosjektet, Haga Brygge ? -Har jobben med å gjennomføra feietilsynet vore ute på anbod ?</p> <p>Rådmannen orienterte om at byggeprosjektet fekk for få interessentar, og dato for rammeløyvet er gått ut. Firmaet som har fått tilsynet er valt ut frå ein førespunad ute i marknaden. Kommunen kjøper tenesta frå eit Privat firma.</p> <p><u>Birthe Skar-Moum (Ap)</u> etterlyste framdrift på vedtak i kommunestyret om korleis kommunen skal jobbe med utbyggingsavtaler generelt og konsesjonsavtaler. Rådmannen skal sjekke ut dette til neste møte.</p>
Dokument utlevert i møtet:	Saksutgreiing til sak 07/13

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 19.02.2013

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/13	13/89	Faste saker	
002/13	09/584	Lønnebakken bustadfelt - førespurnad om kjøp av delar av ubebygd tomt	
003/13	12/621	Småbåthamn Bjørkheim - Samnanger kommune sitt engasjement i etablering av gjestebrygge	
004/13	12/340	Søknad om tilleggsøyving - Utskifte av kjøretøy teknisk eining	
005/13	10/70	Forsøpling - spørsmål om ettergjeving av rekning	
006/13	12/722	Eigedomskattetakstvedtekter gyldig frå 1.1.2013	
007/13	12/336	For mykje utbetalt løn til tilsett i Samnanger kommune	U Ikkje offentleg

SAKNR. 001/13
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
 - Protokollen frå førre møte vert godkjent
 - Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering
-

12.02.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegg frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

Utvalet sitt kvarter:

Roy Vegar Hope (H): Stilte spørsmål om følgjande:

- Status og føringane for prosjektet, Haga Brygge ?
- Har jobben med å gjennomføra feietilsynet vore ute på anbod ?

Rådmannen orienterte om at byggeprosjektet fekk for få interessentar, og dato for rammeløyyvet er gått ut. Firmaet som har fått tilsynet er valt ut frå ein førespunad ute i marknaden. Kommunen kjøper tenesta frå eit Privat firma.

Birthe Skar-Moum (Ap) etterlyste framdrift på vedtak i kommunestyret om korleis kommunen skal jobbe med utbyggingsavtaler generelt og konsesjonsavtaler.

Rådmannen skal sjekke ut dette til neste møte.

FORM-001/13 VEDTAK:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Protokollen frå førre møte vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAKNR. 002/13

**LØNNEBAKKEN BUSTADFELT - FØRESPURNAD OM KJØP AV DELAR AV
UBEBYGD TOMT**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune held fast på at tomtene 39 og 40 på Lønnebakken vert bygd ut med nye bustader, anten som fleirbudstadhus eller einebustader. Vegløyvinga vert over privat fellesveg som tidlegare godkjend.

Samnanger kommune vil ikkje godkjenna oppføring av bygg som inneber dårlegare tilhøve knytt til utsikt for den etablerte tomannsbustaden enn det som tidlegare er godkjend. Jmf. sak ??/10 i naturutvalet.

Det inneber at Samnanger kommune ikkje kan imøtekoma førespurnad frå Marken og Bruland om å kjøpa delar av tomt 39 til tilleggsareal.

12.02.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-002/13 VEDTAK:

Samnanger kommune held fast på at tomtene 39 og 40 på Lønnebakken vert bygd ut med nye bustader, anten som fleirbudstadhus eller einebustader. Vegløyvinga vert over privat fellesveg som tidlegare godkjend.

Samnanger kommune vil ikkje godkjenna oppføring av bygg som inneber dårlegare tilhøve knytt til utsikt for den etablerte tomannsbustaden enn det som tidlegare er godkjend. Jmf. sak ??/10 i naturutvalet.

Det inneber at Samnanger kommune ikkje kan imøtekoma førespurnad frå Marken og Bruland om å kjøpa delar av tomt 39 til tilleggsareal.

SAKNR. 003/13

SMÅBÅTHAMN BJØRKHEIM - SAMNANGER KOMMUNE SITT ENGASJEMENT I ETABLERING AV GJESTEBRYGGE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune vil yta eit tilskot på 25.000 kroner til gjestebryggje på Bjørkheim under føresetnad av at Klubben Båtlag aksepterer tilsendt leigeavtale. Summen vert finansiert ved bruk av næringsfondet.

Eit utvida engasjement frå kommunen si side inkl. forskottering, inneber at kommunen skal ha innverknad på kjøpet – storleik, kvalitet, nytt/brukt.

12.02.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Brigt Olav Gåsdaal (Ap) sette fram følgjande utsettingsframlegg: ”Saka vert utsett. Ordføraren ber inn til møte med båtforeininga og dei næringsdrivande på Bjørkheim for å prøva å koma fram til eit spleiselag med alle interessentane. Det må og avklarast om det er andre og rimelegare løysingar for gjestebryggje. Saka vert fremja direkte for kommunestyret 6. mars. ”

Det vart røysta over utsettingsframlegget, som vart samrøystes vedteke.

FORM-003/13 VEDTAK:

Saka vert utsett. Ordføraren ber inn til møte med båtforeininga og dei næringsdrivande på Bjørkheim for å prøva å koma fram til eit spleiselag med alle interessentane. Det må og avklarast om det er andre og rimelegare løysingar for gjestebryggje. Saka vert fremja direkte for kommunestyret 6. mars.

SAKNR. 004/13

SØKNAD OM TILLEGGSLØYVING - UTSKIFTE AV KJØRETØY TEKNISK EINING

12.02.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg:” Med bakgrunn i saksframstillinga vert det gitt eit internt lån/ingangsløyving på kr. 390.000 frå disposisjonsfondet. Dei første fire åra, dvs frå og med 2014 kan ein rekne med attendebetaling med kr. 40.000 årleg frå sparde driftsutgifter på bilane. ”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

FORM-004/13 VEDTAK:

Med bakgrunn i saksframstillinga vert det gitt eit internt lån/ingangsløyving på kr. 390.000 frå disposisjonsfondet. Dei første fire åra, dvs frå og med 2014 kan ein rekne med attendebetaling med kr. 40.000 årleg frå sparde driftsutgifter på bilane.

SAKNR. 005/13

FORSØPLING - SPØRSMÅL OM ETTERGJEVING AV REKNING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

12.02.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg: ” Med bakgrunn i at den tilskrivne meinar å ikkje ha motteke brev om ny frist for fjerning av påpeika forsøpling, ettergjev Samnanger kommune pålegget på kr. 11.265.”

Roy Vegar Hope (H) sette fram følgjande framlegg: ” Med bakgrunn i alle varslingar/tidsfristar som er gjeve til eigar av kjøretøya i løpet av saksgangen, opprettheldt kommunen sitt krav til fjerning av kjøretøy på kr. 11.265,62.”

Monica Tjønna (Sp) sette fram følgjande tilleggsframlegg til framlegg frå Hope:” Samnanger kommune bør i framtida senda ut denne typen brev/krav som rekommandert sending. ”

Det vart røysta alternativt over framlegga der Hope sitt framlegg med tillegget frå Tjønna vart vedteke med 5 røyster og Aase sitt fekk 2 røyster.

FORM-005/13 VEDTAK:

Med bakgrunn i alle varslingar/tidsfristar som er gjeve til eigar av kjøretøya i løpet av saksgangen, opprettheldt kommunen sitt krav til fjerning av kjøretøy på kr. 11.265,62. Samnanger kommune bør i framtida senda ut denne typen brev/krav som rekommandert sending.

SAKNR. 006/13

EIGEDOMSKATTETAKSTVEDTEKTER GYLDIG FRÅ 1.1.2013

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Dei reviderte eigedomsskattetakstvedtektene vert vedtekne som dei ligg føre.

12.02.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Framlegget vart samrøystes vedteke.

FORM-006/13 VEDTAK:

Dei reviderte eigedomsskattetakstvedtektene vert vedtekne som dei ligg føre.

SAKNR. 007/13

FOR MYKJE UTBETALT LØN TIL TILSETT I SAMNANGER KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

12.02.2013 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet: Birthe Skar-Moum (AP) bad om å verte vurdert om ho er ugild. Utvalet fann Skar gild til handsame saka.

Marit Aase (Krf) sette fram følgjande framlegg: ”Samnanger kommune vil avskrive beløpet på kr. 30.807.”

Bright Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg: ”Samnanger kommune tilbyr eit forlik med dels ettergjeving av for mykje utbetalt løn i perioden januar – mai 2012 til ein tilsett. Den tilsette godtek å betala attende kr. 15.000,00 mot at kommunen ettergjeving det overskytande, kr 15.807. Hovudregelen er at for mykje løn skal attendebetalast fullt ut. Den tilsette har plikt å følgja med på at løna vert rett utbetalt og å melda avvik til arbeidsgjevar. Det er likevel omstende ved denne saka som gjer at det kan vera rett å tilby den tilsette å sleppe å betala heile summen. Det går på omlegginga til nytt lønssystem samstundes som det vart innført elektronisk utsending av lønsslippar.”

Det vart først røysta over Gåsdal sitt framlegg. 4 røysta for og 3 røysta imot. Deretter vart det røysta over Aase sitt framlegg som fekk 2 røyster og 5 imot.

FORM-007/13 VEDTAK:

Samnanger kommune tilbyr eit forlik med dels ettergjeving av for mykje utbetalt løn i perioden januar – mai 2012 til ein tilsett. Den tilsette godtek å betala attende kr. 15.000,00 mot at kommunen ettergjeving det overskytande, kr 15.807. Hovudregelen er at for mykje løn skal attendebetalast fullt ut. Den tilsette har plikt å følgja med på at løna vert rett utbetalt og å melda avvik til arbeidsgjevar. Det er likevel omstende ved denne saka som gjer at det kan vera rett å tilby den tilsette å sleppe å betala heile summen. Det går på omlegginga til nytt lønssystem samstundes som det vart innført elektronisk utsending av lønsslippar.

